| 2021 Styremøte i Vats grendalag | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| | | | Til stades | |
| Dato: 11.03.21 | Leiar | Monica Nesheim | x | |
| | Nestleiar | Tor Olav Gregersen | x | |
| | Sekretær | Lisa Leknes | x | |
| | Kasserar | Peder Lærdal | x | |
| | Styremedlem | Thomas Rødde | | |
| | Styremedlem | Christian Eikeland | | |
| | Varamedlem: | Stine Therese Nilsen | x | |
| | Stad: Monica Nesheim<br><br>Notat:<br>Thomas Rødde og Christian Eikeland kunne ikkje stille. Stine Therese Nilsen er varar. | | | |
| SAK NR. | | | | Avvent |
| 07/19 | Korleis få Vats å «vise igjen» ? | | | |

| | | |
|---|---|---|
| | Spelar ballen ut mot bygdafolket, om å gi tilbakemelding og innspel. Me nyttar Vatsposten for innspel.<br>Korleis gjere møte med bygda triveligere?<br><br>Gjennomgang av innspel på facebook. Mange fine innspel, desse vil me gå gjennom neste styremøte.<br><br>13.06.19<br>tek opp at tråden seinare<br><br>15.10.19<br>Det er komen inn forslag på innlegget på facebook.<br>Me tek med oss forslag om :<br>- Planting av blomar i skråningen mellom Knapphus-Aurdal.<br>- Blomsterpotter i lyktestolper.<br><br>Desse tas med vidare.<br><br>Ser på muligheter for å arrangere ein dag med planting av løkar/blomsterfrø ol.<br><br>27.05.20<br>Å få til beplantning langs vegen er ikkje lett å få til. Grøftearealet er ikkje ideelt å plante, då dette vil forsvinne med kantslått. | |

| | | |
|---|---|---|
| | Prisar på blomsterkassar til lyktestolpar er sjekka, og kostar kring 3000,- pr. stykk. Her reiser det seg spørsmål om korleis ein evt skulle fått vatna og stelt slike planteinnstallasjonar.<br><br>Eit forslag er å nytta seg av blomsterlaukar, og oppmoda alle i bygda til å plante laukar som er til overs i skråningar langs vegen. Kanskje utnemne nokre avgrensa områder til dette.<br>Me spelar dette inn til Vats Hagalag.<br><br>11.03.21<br>Me skal orientere på facebook om utsetjing av løkar i ulike område frå Vats. Me vil spørje Vats Hagalag om dei vil samarbeide om eit langtidsprosjekt.<br>(Stine Therese sjekkar) | |
| 12/19 | Knapphuskrysset | |

| | | |
|---|---|---|
| | - Mjuke trafikkantar<br>- Krysningar<br>- Løysing<br>- Undergang vs. Overgang<br>- Busstopp<br>- Framtidig etablering av gangsti mot Nedre Vats<br>- Ny reguleringsplan på området<br>- Eksisterende brekkjefylgjekrav for utbygging av Knapphusgrenda<br>- Nye tellinger gir nytt bilete av belastinga av vegen «Knapphus-Kårhus». Dette kan nyttas som eit nytt innspel til vurderingar av punkt i trafikksikringsplanen.<br><br>Dronevideo/bilete over kryssningsområde?<br><br>Me leitar fram antal registrerte ulykker i område?<br>Kva ligg i trafikksikringsplanen til kommunen? Veldig vid og lite spesifisert. Korleis stiller Knapphus seg til situasjonen?<br><br>Tor Olav kontaktar vegvesenet for innspel til framdrift og råd/diskusjon for korleis ein kan gå fram i vidare arbeid med denne saka. Mogleg å få ein representant frå vegvesenet til å delta i eit møte? Sjekker med Asbjørn Opedal.<br><br>13.06.19<br>Tor Olav har prøvd opp til fleire gonger å få dei til å kome på eit møte med oss, men dei har ikkje gitt tilbakemelding på dette. Dei har difor ikkje deltek på møte med oss. Det blei sjekka om Ole Johan Vierdal kunne stille på eit møte, men det kolliderte med eit anna møte.<br><br>- kva er ein trafikksikringsplan? Forstår det som ein «intensjonsplan», der alle ynskjer blir lagt inn. Handlingsplanen som høyrer til blir revidert oftare, og er den som fungerer som ein «arbeidsplan». Planen blei sist oppdatert i 2018.<br><br>15.10.19<br>Me har motteke namn på ein kontaktperson i Vindafjord kommune, for korleis me skal gå vidare fram i denne saka. Det har ikkje blitt teke vidare tak i ettersom det har vore valkamp mm. Noko som antagelig leia til at dette rann ut i sanden. Vel å sende ny søknad, med bakgrunn i oppramsa argument. Me korresponderer med Marit Illstad for at søknaden skal havne i «rette hender».<br><br>03.03.20<br>Planen er å lage ein film i området og venter til lysare tider.<br><br>27.05.20<br>Dette arbeidas med. Det er utforma eit brev/søknad, og vore i kontakt med eit par stykk som har drone for å få laga ein filmsnutt over området.<br><br>11.03.21<br>Vel å legge dette på is for å sjå kva som skjer med bakka-solheim prosjektet. | |

| | | |
|---|---|---|
| 14/19 | Sykkel/ gangsti Knapphus - Nedre Vats | x |
| | 13.06.19<br>Tor Olav har snakka med Ole Johan Vierdal. Denne saka står på agendaen/ prioriteringslista hjå kommunen. Framtidsutsikter for denne er usikker, ein gong.<br><br>Det blei presisert at ein alternativ turveg langs vatnet vil ikkje ha noko påverknad for ein framtidig gang og sykkelveg. Arbeidet med å få til noko slikt burde fortsette.<br><br>Me vel å ta opp tråden på turvegen til hausten.<br><br>29.01.20 Denne saka ligg framleis i bero.<br><br>11.03.21<br>Me skal sjekke korleis saken ligg an. | |
| 20/19 | Tursti langs Åmselva | |
| | Opprusting av tursti frå brua i Åmsosen og oppover til brua ved Leif Nesheim. Evt. Forlenge denne oppover til Vatsvatnet.<br><br>15.10.19<br>Tas med videre.<br><br>03.03.20<br>Peder Lærdal sjekkar med grunneigar.<br><br>27.05.20<br>Grunneigarane synes dette var ein god ide, og var allereie på ballen.<br>Stien er mogleg å få til som ei rundløype, dersom me hadde fått opp ei gangbru over elva v/brua på «nyevegen».<br><br>11.03.21<br>Turvegen ligg i bero inntil vidare grunna avklaringar som må på plass. | |
| 23/19 | Rubhall på grusbanen | |

| | | |
|---|---|---|
| Utgår | Tenkjer på moglegheit for å få opp ein rubhal på grusbanen.<br>Me ynskjer å høyre med AF om dei har ein rubhal som ikkje er i bruk. Om det er mogleg å leige eller om dei kan sette opp ein som «reklame».<br><br>Me spelar det inn som eit forslag til 17.mai komiteen, v/ Knut Erik Gjerde.<br><br>12.11.19<br>Grendelaget sjekker med kommunen kva som er handlingsrommet for å nytte grusbanen til å sette opp ein rubbhall.<br><br>Diskuterer at det kan settes opp ein «spleis» for ny hall. Rause donasjoner får reklame på hallen.<br><br>Me sjekkar opp parallelt med kva prisar på ein rubhall, og om det er noko me skal gå inn for å få opp med sponsormidler/ sal av reklameplass.<br><br>03.03.20<br>Rubbhall er under planlegging.<br><br>27.05.20<br>Avventer inntil videre, trenger å neste opp igjen tråden. | |

| **2021** | | |
|---|---|---|
| | | |
| 01/21 | Styre: | |
| | Leiar: Monica Nesheim<br>Nestleiar: Tor Olav Gregersen<br>Sekretær: Lisa Leknes<br>Kasserar: Peder Lærdal<br>Styremedlem: Christian Eikeland<br>Styremedlem: Thomas Rødde<br><br>Varamedlem:<br>Stine Therese Nilsen<br>Jakob Eskeland | |
| 02/21 | #vatson | |
| | Me ynskjer å ha meir fokus på Vats. Idèen er at me skal ha fokus på Vats, der me sambygdingar skal kjenne på ei samhaldskjensle rundt bygda vår.<br><br>Me vil få til ein konkurranse om å komme på ein hasjtag for alt som skal skje i bygda vår. Dette vil bli ein måte å promotere bygda vår igjennom ein hasjtag. Monica lagar arrangement på facebook.<br><br>Idèar:<br>- Flytebrygge utanfor stokkastranda<br>- Påskeeggjakt (Vatson jakt igjennom året sponsa av næringsliv?)<br>- Involvere næringsliv, lag og organisasjonar<br>- Fokus på barn og ungdom<br>- Bannarar på Knapphus og der med «Vindafjordhallen»<br>- Nattcup<br>- Lan | |

Neste møte: Tysdag 4. mai. Kl. 19.

Referat sendes til godkjenning av styret
Sendes e-post til Vats grendalag (for arkivering): vatsgrendalag@gmail.com
Vatsnett v/Bjørn Morten: bjornm@vatsnett.com
Facebook: Vats grendalag
Vindafjord kommune: Postmottak@vindafjord.kommune.no